# TILTAK I PLANOMRÅDE 4

| Planområde 4 | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | **Argument for tiltak** | **Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket** | **Kostnad/ innsparing** |
| **Kultur og Idrett** | | | |
| Redusere eller stoppe tilskotsordningar for kultur og idrett | Omlegging av tilskotsordningar for idrett og kultur | Dreie tilskot mot aktivitet og dei som har målgruppe under 20 år.<br>Det betyr at dei som ikkje har aktivitet og målgruppa under 20 år mistar tilskot.<br>Lag og foreiningar får ikkje midlar til å vedlikehalde og halde drift av anlegg/bygg – det kan eks. påverke skiløyper, hoppanlegg osv. | 265 000 frå 2026<br>595 000 frå 2028 |
| Kutte i stønad til private grendehus i kommunen (Eidsborg, Mo og Austheii) | Innsparing | Reduksjon i tilbod ved dei private grendehusa og/eller økonomiske midlar til vedlikehald. | 140 000 |
| Auke inntening ved Tokkegym | Det er i dag 300 kr pr halvår for Tokkegym.<br>Vi har omlag 200 betalande pr. halvår | Kan føre til færre brukarar av Tokkegym og lågare eller lik inntjening.<br>Om tiltaket fører til færre brukarar vil det på sikt og kunne føre til dårlegare folkehelse. | |

| Tiltak | Argument for tiltak | Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket | Kostnad/ innsparing |
|---|---|---|---|
| Redusere utgifter ved Tokkebadet ved td. redusert sesong | Vi driv med underskot i badebassenget. | Auke prisen for Tokkebadet. Betre inntening for å gå i balanse.<br><br>Om tiltaket fører til færre brukarar vil det på sikt og kunne føre til dårlegare folkehelse. | 100 000 |
| Redusere utgifter til prisutdelingar (kulturprisen) | Innsparing | Den som skal dele ut kulturprisen får ikkje pengar for å gjere det.<br>Konsekvensen kan vere ei mindre markering eller eit større arbeid for kommunen i gjennomføringa av prisutdelinga. | 1 505 000 |
| Redusere utgifter til ulike støtteordningar | Innsparing | Kutte tilskot til drift av ulike ordningar som til dømes tilsyn med grendehus og ungdomshus med flagging o.l.<br><br>Flaggstengar må takast ned eller kommunen sjølv tek ansvar for flagging. (Om det ikkje er personar eller lag som gjer det friviljug.) | 27 000 |
| **Reiseliv** | | | |
| Soria Moria optimalisering av drifta. Dette kan skje med kutt i kostnader og betre inntening. | Auke prisar og kutte kostnader. | Høgare prisar og kutte servicetilbodet med "Badstogefadder" | |

| Tiltak | Argument for tiltak | Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket | Kostnad/ innsparing |
|---|---|---|---|
| **Kart og oppmåling** | | | |
| Auke inntening med auke i gebyr for kart og oppmåling. | Auka Inntening | Høgare terskel for å gjennomføre oppmåling/kvalitetsheving. Variabel inntekt, lav byggjeaktivitet = lav inntening | 50 000 |
| Ta gebyr for tenester me ikkje fakturerer i dag | Auka inntening | Høgare kostnader for brukarar på tenester. | |
| **Byggesak** | | | |
| Gebyrauke t.d. på dispensasjonssaker | Dette er saker som vanlegvis tek mykje tid. Gebyret idag er difor lågt i høve til gebyr på t.d. ordinære byggjesaker. | Høgare gebyr på dispensasjonsaker vil kanskje redusere talet på dispensasjonssaker, og deretter frigjere meir tid for tilsette. Hvis ikkje, får kommunen auka gebyrinntekter. | |
| Gebyr for byggesak i samband med oppføring av bustad. | Det er idag ikkje gebyr på oppføring av bustad. Det er ikkje mange bustader som blir ført opp pr år, men eit gebyr på t.d kr 5.000 kunne vore mogeleg. | Auka gebyrinntekter. Eit gebyr vil truleg ikkje føre til færre nyoppføringar av bustader. | 50 000 |

| Tiltak | Argument for tiltak | Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket | Kostnad/ innsparing |
|---|---|---|---|
| **Skog og utmark** | | | |
| Fjerne tilskot til motormanuell hogst | Innsparing<br><br>Tømmerprisane er pt. svært gode og det bør vere stort nok stimuli for å hogge. | Det vil ikkje bli betalt ut tilskot til dei som høgger tømmer med traktor og vinsj i eigen skog. (På lik linje som andre hogstmetodar.) | 200 000 |
| **Bibliotek** | | | |
| Kjøpe inn færre bøkar | Innsparing | Biblioteket blir mindre attraktivt å bruke | Reduksjon i bokbudsjett 25 % 50 000 |
| Redusere stilling | Innsparing | 20% reduksjon i stilling | 150 000 |
| Høydalsmo folkebibliotek – redusere kostnader ved å samle alt på Dalen | Innsparing | Det vil redusere tilbodet på Høydalsmo | ??????? |

| Tiltak | Argument for tiltak | Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket | Kostnad/ innsparing |
| --- | --- | --- | --- |
| **Arealplan** | | | |
| Ny kommuneplan vil føre til betre og meir effektiv drift. Færre dispensasjonssaker. | Dagens arealdel er 19 år gammal og utdatert. Dette fører til auka ressursbruk på saksbehandling. Det vil krevje midlar å oppdatere KPA, men det vil kunne føre til meir effektiv drift i framtida. | Meir effektiv ressursbruk i framtida. Færre dispensasjonssøknader | |
| **Landbruk** | | | |
| Tilskot etter landbruksplanen kan reduserast eller revidere vilkår for å få tilskot. | Kommunen brukar i dag omlag 1,5 mill på landbrukstilskot etter landbruksplanen | Vi har ovanfor foreslege å fjerne tilskot til motormanuell hogst. Det er mogleg å fjerne meir av tilskotspotten. Tek ein vekk 100 000 kr så har ein redusert tilskota til landbruk med 7,7%. | 100 000 |
| Avvikle kommunalt eigd landbruksutstyr vil føre til mindre utgifter. | Hindre uføresette utgifter til reparasjon av steinplukkar og kalkvogn. | Bøndene må stå for vedlikehald av utstyret sjølve. | |
| Auke inntening på landbruksvikar gjennom å auka satsar til bønder. | Det er i svært liten grad bruk av landbruksvikar i samband med helsemessige årsakar. Bruken er til ferie og avløysing – det gjer at enkelte bøndar får subsidierte tenestar. | Det vert dyrare for bønder å bruke tenesta. | 50 000 |

| Tiltak | Argument for tiltak | Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket | Kostnad/ innsparing |
|---|---|---|---|
| Innleige av geiter til beiting | Innsparing | Attgroing på Tangane og andre metodar må nyttast til rydding. | 100 000 |
| **Næring** | | | |
| Tilskot innaføre næring er på omlag 2,5 mill kroner. Ein kan redusere på tilskota med inntil 20%. | Innsparing | Kutt i tilskot til næringsaktivitet og utvikling. | 150 000 |
| Tilskot til heiskort Hallbjønnsekken | Innsparing | Direkte innverknad på ungdom og folkehelse | 150 000 |
| Lønstilskot for ungdom – (tilskot til næringsdrivande som tek inn ungdom) | Innsparing | Færre ungdom finn arbeid som kan sysselsette dei i skuleferiane. | 200 000 |
| **Felles** | | | |
| Stillingsreduksjon – 1 årsverk | Redusere med ei stilling på avdelinga – utnytte kapasistet og vurdering om frigjering av tid med å flytte over arbeidsoppgåver. | Tilsette får oppgåver som ikkje er innan det primære arbeidsfeltet og høgare arbeidsbelastning for dei tilsette.<br><br>Det vil òg måtte bli forflytting av enkelte arbeidsoppgåver som ikkje krev spesialkompetanse. | 1 000 000 |

| **Interkommunalt samarbeid** | | | |
|---|---|---|---|
| Selje tenester til nabokommunane vil vere mogleg | Få ei stabil og robust tenesteyting innaføre fagområdet | Ein får ikkje så mykje innsparing, men ein blir meir robust i høve til fråvær. Ein kan lever eit betre tenestetilbod. | |